



# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre

**Møtestad:** Stølsheimen

**Dato:** 28.08.2023

**Tidspunkt:** 10:30 - 14:00

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader:

Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval vart gjennomført frå kl. 10.30 28. august til 14.00 29. august. Møta starta med tur frå Kvilesteinsvatnet til turisthytta på Selhamar. Fyrste dagen var det synfaring til damanlegget i sørenden av Vassøyane. Begge møta vart gjennomført denne dagen. Andre dagen var det synfaring på stien gjennom ura under Raudberget, og tur til toppen av Raudberget. Det er skrive eige referat frå dialogmøtet.

## Andre frammøtte:

Namn	
Anbjørg Nornes	sekretær / verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigbjørn Hauge

Marta Sofie Vange

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 18/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 20/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 10/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen-Åsedalen - motorferdsel - stiarbeid		2023/9435
RS 11/23	Tilbakemelding om søknadsplikt - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Eksingedalsvassdraget - senka vass-standen under innløpsterskel		2022/9567
RS 12/23	Orientering frå Vik kommune - slått av innmarka og konsesjonsvilkår i Finnabotnen		2022/575
RS 13/23	Dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 28. og 29. august 2023		2019/18547
ST 21/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - badestamp		2023/12201
ST 22/23	Stølsheimen landskapsvernområde Finnen - fasadeendring hytte - Vik 68/11		2023/8527

### ST 18/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.08.2023

##### Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### ST 19/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.08.2023

## **Handsaming i møte**

Framlegg på Marta Sofie Vange til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **Vedtak**

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

# **ST 20/23 Orienteringar og referatsaker**

## **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.08.2023**

## **Handsaming i møte**

Referatsaker og delegert sak vart lagt fram til orientering.

### Renovasjonsordning for veglause grender i Stølsheimen landskapsvernområde

Strendene grunneigarlag har tatt kontakt med verneområdeforvaltninga om utfordringar med levering av avfall frå dei veglause grendene langs Sognefjorden i Vik kommune. Dei meiner SIMAS ikkje tilrettelegg på ein god nok måte for at dei kan få levera avfall frå eigedomane sine. Dei må sjølve ordne med båtskyss og levering av avfall der bossbilen kan henta avfallet.

Stølsheimen verneområdestyre diskuterte utfordringa. Dei er uro for at manglande tilrettelegging for levering av avfall kan føra til problem med forsøpling. På denne bakgrunn vil styret senda ein uttale til renovasjonsselskapet SIMAS, med kopi til Vik kommune.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre sender uttale til renovasjonsselskapet SIMAS, med kopi til Vik kommune, med oppmoding om å finne ei løysing som gjer det lettare for eigedomane langs dei veglause grendene å levera avfall til godkjent avfallsplass.

Referatsaker og delegert sak vart tatt til orientering.

# **ST 21/23 Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - badestamp**

## **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.08.2023**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev avlag på søknden om badestamp på gnr. 67 bnr. 3 i Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vedtaket er samtidig å rekna som eit varsel om retting av tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 69.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.

## ST 22/23 Stølsheimen landskapsvernområde Finnen - fasadeendring hytte - Vik 68/11

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.08.2023

#### Handsaming i møte

Tiltakshavar hadde sendt ny informasjon om tiltaket med terrasse til verneområdeforvaltar før møtet. Informasjonen med endringar av terrassen vart diskutert i møtet. Framlegget frå tiltakshavar er at terrasser ikkje kjem lenger ut frå hytta enn trappa er i dag. Inngangstrappa kan flyttast til hjørna av terrassen, slik at trappa ikkje kjem som eit bygg på ut frå terrassen.

Verneområdestyret la vekt på den nye informasjonen i si vurdering av saka. Dei vurderer at ein meter utviding av eksisterande terrasse er eit bagatellmessig tiltak, og at det i liten grad vil føra til fasadeendring på bygget. Inngangstrappa skal flyttast til vestsida av terrassen, og skal ikkje koma på utsida av den utvida terrassen. Denne endringa vil gje betre tilpassing til bygget og landskapet, og vera ein god miljømessig løysing for dette tiltaket (jf. naturmangfaldlova § 12). Det bør plantast busker framfor terrassen for å dempe det visuelle inntrykket av terrassen. Plantane skal vera stadeigne, og ikkje framande artar. Styret vurderer på denne bakgrunn at tiltaket ikkje vil skapa presedens for tilsvarende saker, og at tiltaket ikkje vil påverka landskapets art og karakter.

Vedtaket med endringar vart samrøystes vedtatt.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjelv løyve til utviding av terrassen på hytta og å skifte ut to vindauge i hytta på gnr. 68 bnr. 1 i Finnen i Stølsheimen verneområdestyre. Løyvet er gitt med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Vindauga på nordveggen på hytta kan skriftast ut med vindauge som er 20 cm større i høgde enn det som står i bygget i dag. Vindauga skal vere i same stil som vindauge elles på bygget.
- Terrassen på nordsida av bygget kan utvidast med ein meter i breidda. Den skal ha same lengde som eksisterande terrasse. Det skal nyttast same materiale som i eksisterande terrasse.
- Inngangstrappa skal byggast på vestsida av terrassen, og skal ikkje koma ut forbi den utvida terrassen.

- Det vert tilrådd å planta stadeigne busker framfor terrassen for å dempa det visuelle inntrykket av terrassen.
- Restmateriale og avfall skal fraktast ut av området, og leverast på godkjent avfallsanlegg.
- Det skal sendast rapport med bilde til Stølsheimen verneområdestyre straks arbeidet er slutført.
- Frist for å slutføre arbeidet og sende inn rapport, er 01.11.2024.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.